



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato
04.05.2015
Dykkar dato
08.04.2015

Vår referanse
2015/4818 732.0
Dykkar referanse
Reidun B. Sæbdal

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Melding om tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs- lærings- og meistringstilbod i Lindås 2015

Vedtak:

Fylkesmannen gir med dette eit tilskot på kr. 180 000,-, medrekna kr. 87 000,- som er overførte frå 2014, til utvikling av frisklivstiltak for eldre i Lindås kommune over kapittel 762.60 på statsbudsjettet.

Bruk av midlane

Midlane kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som er omtala i dette brevet. Dersom midlane ikkje blir brukte etter føresetnadene, skal dei betalast attende til Fylkesmannen. Feil bruk og mislighald av tilskotet vil kunne føre til rettslege tiltak. Les meir om krav og vilkår for tilskotet i [Helsedirektoratets regelverk for tilskuddsordning for kapittel 762 post 60](#).

Klagerett

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og de har difor ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når

- Fylkesmannen har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot.
- Fylkesmannen har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand. Sjå siste sida i dette brevet.

Ubrukte midlar

Tilskotet skal brukast dette budsjett- og kalenderåret. Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

1. Betal heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer 7694 05 01098, merkt med kapittel, post og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette.
2. Ubrukte midlar blir trekte frå neste års tildeling dersom prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. For å kunne vidareføre tilskotet, må de søkje om tilskot på nytt. Søknadsbeløpet må inkludere både ubrukt og nytt tilskot.

Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekning av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet kommunen fekk tilskotsbrevet.

Rapporteringsfrist

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen innan 1. april neste år. For prosjekt og aktivitetar som går over fleire år, skal kommunen sende rapport for kvart år dei har fått tilskot for.

Rekneskapsrapportering

Det skal først separat rekneskap for tilskotet, skilt frå resten av rekneskapen for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapen skal vise kva utgifter som er dekte av tilskotet, og skal vere skilt frå rekneskap for egne midlar og/eller midlar frå andre. Rapport med rekneskap per 31.12.2015 skal sendast til Fylkesmannen innan 1. april 2016. Rekneskap for tilskot på kr. 100 000,- eller meir må vere revisorattestert.

Kommunen må søkje om tilskot for kvart år. Utlysinga blir publisert på www.fmho.no. Skriv saksnummeret vårt på all brevveksling.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til postmottak@fmho.no snarast, så overfører vi pengane etter det.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Grete Riise
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Stadfesting av mottatt tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstiltak over kap. 762.60 i 2015**Kommune:****Organisasjonsnummer:****Kontonummer for innbetaling:**

NB! Dersom kontonummeret blir endra i løpet av året, må Fylkesmannen snarast få melding om endringa.

Fylkesmannen har løyvt tilskot på kr. 93 000,- over statsbudsjettets kapittel 0762.60 for budsjettåret 2015 til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbud. Tilskotet kjem i tillegg til dei overførte kr. 87 000,- frå 2014. Vi stadfester med dette å ha lese og godtatt dei vilkåra som er gitt i tilskotsbrev med lenkje til regelverk av 5. mai 2015.

Tilbodet er etablert i samsvar med mål og tildelingskriterium (sjå regelverk for tilskot)

	Ja/nei	Merknad
Tilbodet er forankra i kommunale planar.		
Det blir gitt tilbod om strukturert oppfølging.		
Vi gir tilbod til alle, med eller utan tilvising frå lege eller andre.		
(Brukar)behov for tiltaket er kartlagt.		
Plan for iverksetjing (implementering) i ordinær drift ligg føre.		

Namn, adresse og telefonnummer på prosjektleiar/økonomiansvarleg

--	--	--

Dato og underskrifta til rådmannen eller den rådmannen har delegert mynde til

--	--

